



Arkivsaknr: 2024/7925-3
Sakshandsamar: Tove Hagenes
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Samarbeidsavtale med Etablerersenteret. Vurdering av fornya avtaleperiode 2025 - 2028

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med utgangspunkt i den økonomiske situasjonen Alver kommune er i for tida, og samstundes at kommunen har ein godt fungerande avtale med Industriutvikling Vest som bør kunne vere dekkande for behov og etterspørsel innanfor gründer- og etablerarfeltet, tilrår kommunedirektøren og ikkje fornye avtale med Etablerarsenteret for komande avtaleperiode.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næring, kultur og idrett.

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Alver kommune har ein gjeldande samarbeidsavtale med Etablerersenteret for inneverande periode 2021 – 2024. Dette er eit spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunane. Avtalen som gjeld ut 2024 er teikna mellom Vestland fylkeskommune og 17 kommunar i fylket. Fylkeskommunen er avhengig av ei felles finansiering saman med kommunane for å oppretthalde dei to tenestene. Vestland fylkeskommune ønskjer å inngå ein ny avtale med kommunane for perioden 2025-2028. Fylkeskommunen ønskjer i utgangspunktet at ein ny

avtaleperiode 2025-2028 skal gjelde for både Etablerersenteret og Invest in Bergen. Men det er mogeleg å berre tiltre samarbeidet om eit av tilboda dersom kommunen ønskjer det.

Saksopplysningar

Etablerersenteret sitt overordna mål er å mobilisere til gründerverksemd, hjelpe gründerar å skape levedyktige verksemdar og vere ein koplingsboks for gründerane mot resten av verkemiddelapparatet. Dette gjer Etablerersenteret gjennom personleg rettleiing, kurs, nettverkssamlingar og gründerdagar for eigarkommunane. Etablerersenteret deltek i Vestland fylkeskommune si prosjektgruppe knytt til den nasjonale satsinga «En vei inn». Målet med denne satsinga er at gründerar skal få riktig hjelp frå verkemiddelapparatet til riktig tid. I tillegg er målet at kvaliteten på tenestene vil bli høgare ved at ein kan trekkje vekslar på ekspertkompetanse på tvers av kommunane og regionane tilpasse behova til den einskilde gründeren.

Styringsmodell

Etablerersenteret: Eigarmøte er styringsgruppe. Etablerersenteret har også ei ressursgruppe som sparringspartnare, som inneheld representantar frå administrasjonen i ulike eigarkommunar.

Kommunane sitt bidrag inn i samarbeidet

- Kommunane bidreg med eit fast beløp per innbyggjar i kommunen.
- Kommunane er aktive samarbeidspartnarar i programma
- Kommunane, ved ordførar, kommunedirektør/rådmann og næringssjef deltek på dei to årlege eigarmøta for å drøfte strategiske grep.

Fylkeskommunen sitt bidrag inn i samarbeidet

- Fylkeskommunen tar på seg arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Etablerersenteret og Etablerersenteret.
- Fylkeskommunen stiller med kontorfasilitetar og tar på seg det administrative ansvaret.
- Fylkeskommunen leiar styringsgruppene
- Fylkeskommunen bidreg med same beløp per innbyggjar som kommunane som deltek i samarbeidet.
- Fylkeskommunane finansierer fellessatsinga Invest in Vestland.

Finansieringsmodell

Følgjande finansieringsmodell sikrar gjennomføring av oppgåvene som skissert:

- Kommunane bidrar med 3 kroner per innbyggjar i kommunen, rekna per 01.01 kvart år. Avtalen gjeld frå 1.1.2025-31.12.2028.

- Vestland fylkeskommune betaler 3 kroner for tilsvarande folketal som i medlemskommunane.

Rapportering

Etablerersenteret rapporterer fortløpande til høvesvis styringsgruppe og ressursgruppe. Kommunane vert halde oppdatert på årleg eigarmøta og elles i andre møte med kommunane.

Tidslengd, beløp, oppseiing og betaling

Avtala vil gjelde for perioden 1.1.2025-31.12.2028. Kommunane og fylkeskommunen kan seie opp avtalen i perioden. Ved oppseiing gjeld avtalen for det året den blir sagt opp samt neste kalenderår.

Vurdering

Etablerersenteret har med sin satsing på «En vei inn», personleg rettleiing, samlingar, frukostmøte og ulike typar kurs, som etablerarkurs, økonomikurs og marknadsføringskurs, tilbod som er gode og viktige for etablerarar og gründerar.

Alver kommune har for tida ein godt fungerande avtale med Industriutvikling Vest som også tilbyr individuell rettleiing, samlingar, frukostmøte, kurs etc. Sjølv om tilbod og innhald kan vere ulike, bør gjeldande avtale med Industriutvikling Vest for 2023 - 2024 kunne vere dekkande for behov og etterspørsel innanfor gründer- og etablerarfeltet

Vedlegg

- 1 Årsmelding - Etablerersenteret 2023
- 2 Avtale med kommunene
- 3 Ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2025-2028